



L J B AS v/ Lars J Berge

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Torill Slåke	982 98 302	2020/2198-18		22.04.2021

Tilbakemelding til krav om skred- og flaumvurdering - 88/1 - Turveg rundt Hattebergfossen - Rosendal - Baroniet Rosendal

Viser til dine e-postar dat. 06.04.2021 med informasjon frå ingeniørgeolog Berit Soldal i Norconsult AS, og 13.04.2021 med informasjon frå Øystein Lohne i Sweco.

Vi har ikkje motteke oppdatering av søknaden når det gjeld det brattaste partiet, eller endring i høve til vedtaket i Folgefonna Nasjonalparkstyre, slik at vår vurdering vert gjort på bakgrunn av den informasjonen som ligg føre i prosjektet til no.

I møtet med ansvarleg søker, tiltakshavar og prosjektgruppa, vart det opna for at dersom fagkunnige innan geologi kunne gjera ei førehandsvurdering som tydeleg sa at her var det ikkje naudsynt med nærare vurdering og rapport på skred- og flaumfare, var kommunen open for å revurdere sitt tidlegare krav om dette.

Vi har gått gjennom informasjonen frå Norconsult AS og Sweco, og med bakgrunn i det finn ikkje kommunen at ein kan fjerna kravet om dokumentasjon for sikker byggjegrunn, jf. pbl § 28-1 og TEK17 § 7-2,7-3.

Ved innsending av oppdatert søknadsgrunnlag i samsvar med nasjonalparkstyret sitt vedtak, vil kommunen gjera ei endeleg og konkret vurdering av omfanget av kravet.

Med helsing

Torill Slåke
Fagkoordinator byggesak

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

BARONIET ROSENDAL / DEN WEIS-ROSENKRONESKE STIFTELSE

Postboks 235

Mottakarar:

L J B AS v/ Lars J Berge